



Kåre Knapstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1176 - 17/35476

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

14.12.2017

## Tilbakemelding etter møte - 13.12.2017 ang. avkøyrsla gbnr 137/665 og gbnr 137/794

Det vart den 13.12.17 halde eit møte mellom Lindås kommune, byggherre, arkitekt og bebuarar i samband med ulovleg etablert avkøyrsla for Tuftamyra 2 A/B. Dette var eit forsøk på å komme fram til ei løysing som kommunen kunne godta.

Lindås kommune v/vegavdelinga har sendt ut brev om at avkøyrsla mot offentleg veg i Tuftamyra 2 A/B ikkje tilfredstiller krava Lindås kommune har til etablering av avkøyrslar. Avkøyrsla er ikkje bygga i samsvar med reguleringsplan eller søknad om avkøyringsløyve frå offentleg veg. Det er sendt anmodning om at dette må utbetrast snarast.

Det privatrettslege i denne saka tek ikkje kommunen ta stilling til. Det er difor ynskjeleg at kommunikasjon i samband med den nye avkøyrsla går gjennom byggherre Kåre Knapstad og arkitekt Kristian Solheim.

Krava Lindås kommune set til avkøyrslar er i samsvar tekniske krav til avkøyrsla som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsla frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt Lindås kommune si vegnorm.

- Avkøyrsla skal ikkje etablerast nærmare enn 10m frå vegkryss (skildra i vedlagt vegnorm)
- Det vert og sett krav til geometrisk utforming av avkøyrsla, sikt, svingradius, drenering under avkøyrsla og at ein skal kunne sne på eigen grunn i samsvar med gjeldande lovverk.

Desse krava må danne grunnlag når søknad om etablering av den nye avkøyrsla og partane må vere einige når ny søknad ligg føre.

Lindås kommune gav melding i møtet om at ny avkøyrsla må etablert innan kort tid. Det vert difor sett ein frist på at ny avkøyrsla må vere etablert innan 31.03.2018. Dersom dagens avkøyrsla ikkje er stengt og ny avkøyrsla ikkje er etablert i samsvar med kommunen sine krav innan denne dato, vert dagens avkøyrsla fysisk avstengt med heimel i **pbl §xx / veglova §xx**.

Det vart i møtet vist til eit seksjoneringskart som danna grunnlag for arkitekt Kristian Solheim sitt forslag til løysing. Eigedomane vart ikkje seksjonert slik dette kartet viser. Eigedomane vart ved frådeling delt med rett line mellom husa.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Erling Nesse	Tuftamyra 2 B	5911	ALVERSUND
Gro-Beate Dalseng	Tuftamyra 2 A	5911	ALVERSUND
John Magnus Birkeland	Tuftamyra 2 A	5911	ALVERSUND
Linda Folkestad			
Mona-Elisabeth Gjesdal Larsen	Tuftamyra 2 B	5911	ALVERSUND
Nesse			

**Mottakarar:**

Kristian Solheim  
Kåre Knapstad